

Kapittel 6 Barnas Fjordhestlag



Kva er Barnas Fjordhestlag?

Barnas Fjordhestlag er eit lag under Norges Fjordhestlag for alle barn som er glade i fjordhesten og har lyst til å bli nærmare kjend med han.

Bakgrunn:

- Initiativtakar: Marie Thorson Natten ved Langedrag Naturpark
- Langedrag har 35 fjordhestar som årleg gir rundt 60 000 menneske gode opplevingar
- Har lenge tenkt på korleis dei kan vere med på å fremje fjordhesten enda meir enn dei gjer i dag
- Ønske om å gi enda fleire menneske gode opplevingar med fjordhesten
- Norges Fjordhestlag ønsker å utvikle eit tilbod til barn
- Norges Fjordhestlag og Langedrag ønsker å samarbeide om Barnas Fjordhestlag

Formål:

- Å la barn møte fjordhesten i trygge og positive omgjevander
- Å skape gode relasjonar mellom barn, vaksne og fjordhesten
- Å gje barn høve til å vere med på aktivitetar med fjordhesten
- Å gje barn gode erfaringar og minne knytt til fjordhesten
- Å skape ein rekrutteringsarena
- Å tilby eit lavterskeltilbod som ikkje krev anna enn medlemsskap og ønsket om å vere med
- Å fremje sunne interesser, førebyggande arbeid og haldningsskapande aktivitet

Organisering:

- Barnas Fjordhestlag er ein underorganisasjon til Norges Fjordhestlag
- Norges Fjordhestlag samarbeider med Langedrag Naturpark om denne satsinga
- Årleg kontingen kr 150,- pr barn
- Ved førstegangs innbetaling: T-skjorte med logo og fjordhest-button
- Inga nedre aldersgrense. Øvre aldersgrense 16 år
- Innmelding til Norges Fjordhestlag

Kvalitetssikring:

Overordna: Det er viktig med tryggleik og kvalitet.

- Dei minste må ha med vaksen
- Aldersgrense for deltaking utan å ha med vaksen
- Aktivitetane må vere kvalitetssikra
- Hestematerialet må vere trygt
- Leiar for aktivitetane
- Forsikring

Medlemsfordeler og aktivitetar:

- T-skjorte og button
- Aktivitetshefte
- Deltaking på ulike aktivitetar gjennom året:
 - ✓ Fast arrangement i regi av Langedrag: Vintersamling i februar
 - ✓ Ønske om å ha eiga samling, BFL-klasser eller eigen BFL-leir t.d. under NM for Fjordhest
 - ✓ Ønske om å ha samlingar ved nokre større utstillingar
 - ✓ Tilbod til lokallaga om å arrangere Barnas Fjordhestlag-aktivitetar i sitt nærmiljø
 - ✓ Norges Fjordhestlag tilbyr laga ein ide-pakke med forslag til Barnas Fjordhestlag-aktivitetar som kan arrangerast lokalt